

## Spelemannsprøva

Har ein hug til å lære seg å spela hardingfele i dag er det alltid høve til det. I dei bygdene det er mest interesse er det stort sett tilbod om hardingfeleundervisning i dei kommunale musikkskulane. Her er det ikkje opptakskrav - berre om å gjera å koma fyrst i køen om ein vil ha plass. Slike tilbod er det også oppover i gradene, både ved folkemusikkliner på vidaregåande skular, og til med på høgskulenivå kan ein, utan å ha ensa ei hardingfele før, koma inn på folkemusikkliner og få tilbod om å lære å spela. Ved somme av desse, er det heller ikkje opptakskrav, og slik er ikkje lista uoverstigeleg høg.

I mange andre sjantrar er dei beste utøvarane høgt heva over sitt publikum, men i folkemusikkmiljøet vankar dei beste spelemennene med publikumet sitt. Det er himmelhøgt opp til den idoldyrkinga ein ser i meir kommersielle sjantrar.

Slik er me veldig privilegerte, me som har vakse opp i folkemusikken i våre dagar. Me har høve til å lære av og kome inn på dei beste musikanane.

Men i gamal tid, da folkemusikken var den einaste musikken på bygdene, var det ikkje alle som fekk lære av dei beste og mest kjende spelemennene. Dei måtte ofte gjennomgå ei spelemannsprøve, ved å prøve å lære seg ei "vringje" eller "vride" som var spesielt vanskeleg å lære å spela godt.

Jørn Hilme (1778-1854) i Valdres hadde mange slike "vringjer". Og slåttar som "Smågutspringar", "Fykerudvringja", "Personvrita", "Sandsdalsvrita" og "Spelemannsprøva" høyrer også til i denne kategorien.

Samtidig var dette slåttar ein verkeleg kunne brife med, om ein meistra dei fullt ut.

Spelemannsprøvene var elddåpar unge læresveinar måtte gjennom for å bevise for meisteren at slåttane kom i gode nok hender og ikkje vart øydelagde i traderinga.

Når læregutane hadde prova at dei meistra slåttane kunne også meisteren vere sikker på at han ikkje kasta bort tida på dette.

Slike prioriteringar var det sjølv sagt berre dei med mest åtgåum som kunne gjere - da det var dei som blei plaga mest med at folk kom til dei. Var det få som ville lære var kjelda kanskje berre glad for at nokon ville.

Om ein ikkje fekk lære av dei beste var det alltid ein mindre god spelemann som meir enn gjerne ville lære i frå seg. Desse, som gjerne blei kalla raklespelemenn, har slik spela store roller som tradisjonsberarar, om dei ikkje presterar det største spelet.

Knut Lurås (1780-1843) i Tinn skal ein gong ha uttala at det ikkje er éin spelemann anna ein kan lære noko av honom. Mange slåttar har slik overlevd gjennom desse raklespelemennene. Slik var det var bra at også dei fekk lære - særleg da det heldigvis ofte har kome nye gåverike spelemenn inn i traderingsprosessen etterkvart, som har skjønt meir av kva som ligg i slåttane. Desse har gjeve slåttane nye, store uttrykk og har anten blive fordømt for å stela, forbanna for å spela feil eller forguda for sitt geni.

Men det må nå ha vore noko spesielt med dei segnomsuste spelemennene. Dei må ha hatt noko spesielt i spelet sitt som har fanga folk. Dei hadde velforma slåttar som råka ein, og nettopp forma omfattar dei fleste trekka i dei einskildes spel.

Det var slik meistrane prøva å verne kring slåttane - med vanskelege «vringjer» som prova læreguten si evne til å verne dei vidare.

I den tida dei beste spelemennene kunne leve av spelet sitt og folkemusikken var den einaste musikken ein kjende til - slik at han ikkje sto i fare for å døy ut - kunne det ofte vera hard

kamp om å få lære ein utvald slått av ein utvald spelemannen, fordi nettopp han hadde så god form på slåtten.

Samtidig levde dei store spelemennene på ei bunte av akkurat desse formene på akkurat desse slåttane, og var kanskje redde for å gjeva alt ut til alle. Da ville dei misse ein del av det dei sto for, levde av og voks på.

At ein spelemann ikkje ville lære bort til ein annan trong heller ikkje bety at den lærdomshungrige ikkje var god nok. Kanskje var han for god til å lære, fordi han da sto i fare for å bli ein konkurrent til sin eigen læremeister. Eller kanskje hadde spelemannen heilt andre tankar om kva som var god musikk, og slåttane sto i fare for å hamne i feil hender. Slik vart dette enda ei side ved spelemannsprøvene.

Me kjenner til at Leiv Sandsdalen (1825-1896) i Seljord avlyste konserten sin da han såg Lars Fykerud (1860-1902) blant publikum. Lars ville ha Kivlemøyane til Leiv og dette var eit konsertstykk som Leiv gjorde det godt med. Han visste vel at det ville vore farleg for han sjølv, og kanskje for slåttane, om dei kom Lars for øyrene.

Halldor Mæland (1884-1972) gjekk frå Hardanger til Seljord for å lære av bøheringen Torkjell Haugerud (1876-1954), men blei nekta å sleppe inn. Stakkars Halldor måtte humpe heimover. Men han gav seg ikkje og kom att same vegen ei tid etterpå. Da prova han for Torkjell kor viktig dette var for honom. Torkjell sleppte Halldor inn denne gongen og han fekk lære.

Dette var kanskje ei meir uortodoks spelemannsprøve, men det hadde nok noko av same formålet.

Desse tinga er gode bilete på kor hardt det kunne vere å få lære det ein ønskja.

Spelemennene på Flatland i Bø fekk lære kva dei ville av ein stor meister; Møllarguten såg på dei som dei fremste læregutane hans, og dei emna ta til seg alt det høgborne og fullendte med spelet til hans. På Flatland hadde dei si eiga prøve som blir kalla "Spelemannsprøva til Flatland".

**Anbefala innspeling:**

*Jens Amundsen: "Telemarkslåttar II" (BKMC21, Buen Kulturverkstad 1988)*